

Lindås kommune
Byggesaksavdelinga,
Kvernhusmyrane 20,
5914 Isdalstø

LINDÅS KOMMUNE	
Klæbering	
28. 06. 2016	
16/1943	

Alversund 26.juni 2016.

Gnr. 139, bnr.7 Tveiten nedre – Klage på administrativt vedtak om avvisning av søknad/Søknad om lenging av dispensasjon.

Viser til søknad av 07.06.2016 og elektronisk brev om avvisning av denne av 24.06.2016. Som vist til i søknad og vår e-post av 02.05.2016 (svart på den 09.05.16) har det rådd uvisse om søknad om løyve til å byggja kai i samsvar med dispensasjon var innsendt som planlagt hausten 2013. Pga feriereis i utlandet frå 6.mai til 4.juni utan tilgang til min e-post vart underteikna klar over at søknad ikkje var innlevert først 5.juni 16. Søknad vart innlevert straks over helga.

Av dispensasjonshandsaminga i 2013 går det fram at saka vart handsama i plan- og miljøutvalet den 22.05.2013. Underretting med klagefrist vart sendt søkjar, Fylkesmannen i Hordaland og Hordaland fylkeskommune ved skriv dagsett 04.06.2013 og med klagefrist 3 veker frå mottak av dette. Søkjar har difor rekna med at 3 årsfristen vert rekna frå endeleg godkjent dispensasjon dvs slutten av juni 2013. Dette synes ikkje vera tilfelle jfr. avvisingsvedtaket.

Dersom administrasjonen si vurdering av frist er korrekt vert det med dette søkt om naudsynt lenging av av tidsfristen for dispensasjonen med 15 dagar til den 7.juni 2016 og godkjenning av innlevering av byggesøknad ut frå det som går fram av ovanstående bakgrunn.

Med helsing

For Yvonne og Ola Johannes Jordal

Kåre Jordal
Kåre Jordal
Klokkarstien 21
5911 Alversund